

Agder Historielag

Postboks 136
4662 Kristiansand S
bankgiro 3000.20.36165
agder@historielagene.no
Mobil 458 65 237



Protokoll

Styremøte i Agder Historielag 20. august 2018, kl 16:30-19:30 på Stiftelsen Arkivet, Kristiansand.

- Til stades: Arna Berg, Birgit Attstog, Eilert Skjævestad, Morten Aslaksen, Kurt Sandman, Helge Røed, Anne Tone Aaneby, Hans Christian Lund og dagleg leiar Kim Bredesen.
- Sak 28/18: **Godkjenning av innkalling og saksliste.**
Samrøystes godkjent.
- Sak 29/18: **Godkjenning av protokoll frå møtet 20. august 2018.**
Samrøystes godkjent.
- Sak 30/18: **Status økonomi.**
Styret gjekk igjennom oversyn frå rekneskapsføraren. Det blei vidare drøfta økonomi i høve aktivitetar og korleis ein skal kunna skaffa meir inntekter.
- Sak 31/18: **Haustmøte 2018.**
Haustmøtet er fastsett til laurdag 13. oktober kl. 12:00 – kl. 16:00 på Stiftelsen Arkivet. Det vert enkel servering. Programmet er under arbeid, og styret gav gode innspel til Kim Bredesen som arbeider vidare med å fullføra programmet.
- Sak 32/18: **Strategiplan for Agder Historielag.**
Styret gjekk igjennom strategiplanen som blei vedteken på årsmøtet 28. april 2018 og drøfta fleire av punkta.
Samrøystes vedtak:
For å gje lokallag og medlemar meir innsyn i styret sitt arbeid vert godkjent møteprotokoll lagt ut på Agder Historielag si heimesida.
- Sak 33/18: **Orienteringssaker**
- Leiaren orienterte om arbeidet med rutinar for AH
 - Kim Bredesen orienterte om Arendalsveka
 - Eilert Skjævestad deltek på turen 2018 til Telemark og Vestfold 30.08 – 02.09.2018.

- Konferanse 11. oktober, innspel frå frivillige kulturorganisasjonar til Regionplan Agder 2013.

Etter møtet var det orientering og omvising på Arkivet.

.

Arna Berg
Leiar